

Kingos
salmebok

Salmediktaren Thomas Kingo

☞ Den danske barokkdiktaren Thomas Kingo (1634–1703) voks opp i enkle kår, men fekk likevel gå på latinskole og ta universitetsutdanning. I 1677 vart han biskop i Fyn Stift.

☞ Kingo er best kjend for salmediktinga si, men han skreiv også verdslege tekstar, mellom anna humoristiske dikt, hyllingsdikt og kjærleiksdikt.

☞ Kingo var ein sterk tilhengar av einveldet, ei styreform som gav all makt til kongen. Det er kanskje grunnen til at dansk kongen gav han i oppgåve å lage ein ny kyrkjeliturgi og ei salmebok for heile Danmark-Noreg.

☞ Salmeboka kom ut i 1699 med tittelen *Dend Forordnede Ny Kirke-Psalme-Bog*.



Kongen bestemte så at denne salmeboka skulle brukast av alle kyrkjene både i Noreg og Danmark. I ettertid er boka kalla *Kingos salmebok*, sidan heile 86 av dei 300 salmane i boka er skrivne av Kingo sjølv.

Kingos salmebok

☞ Kingos salmebok inneheld også salmar av Martin Luther, og Kingo fall i unåde hos kongen da han gav seg til

å revidere salmane til Luther.

☞ Kingos salmar er skrivne i eit poetisk språk og i mønstergyldige vers. På same måten som Petter Dass knyter Kingo kristendommen

til kvardagslivet. Salmane er dessutan skrivne til verdslege melodiar. Tanken er



at også folk frå allmugen skal kunne bruke salmane i kvardagslivet.

☞ Ein fellesnemnar for salmane er at mennesket er eit syndig vesen som treng Guds nåde. Derfor må ein angre syndene sine og gjere bot. Da kan ein ta imot Guds kjærleik, som syner seg gjennom Jesu død og oppstode frå dei døde.

☞ I Kingos salmebok finn vi kjende salmar som framleis er i bruk i Noreg i dag:

- «Sorgen og gleden de vandrer til hope»
- «Nu rinner solen opp»
- «Som den gyldne sol frembryter»
- «Tiden skrider, dagen rinner»

«Som den gyldne sol frembryder»



*Som den gyldne sol
frembryder
gennem den kulsorte sky
og sin stråleglans
udskyder,
så at mørk' og mulm
må fly,
så min Jesus af sin grav
og det dybe dødens hav
opstod ærefuld af døde
imod påske-morgenrøde.*

☞ Dette er ein påskesalme som skildrar Jesu oppstode frå dei døde. Påskedramaet blir formidla ved hjelp av sterke kontrastar: sola som bryt gjennom det kolsvarte mørket, den strålande morgonhimmelen i kontrast til døden på havbotnen.

☞ I salmen oppmodar Kingo tilhøyrarane til å takke for dette påskeunderet og meditere over den nåden som har vorte alle til del gjennom Jesu død på krossen. Salmen sluttar med bønn og takkseing, slik det er vanleg i den kyrkjelege liturgien.



Lytt til opplesing av salmen og sjå heile teksten på nettsida *Den danske salmebog online*. Der kan du òg høyre melodien.

Andre tekstar av Kingo

☞ Under einevel-
det var det viktig å
halde seg inne med
kongemakta. Ein
del av forfattar-
skapen til Kingo var
derfor hyllingsdikt
til den eineveldige
kong Fredrik 5.,
som heldt liv i
diktaren og gav han
kyrkjelege embete:



i Lad dette Hastverk faae en liden Naade-Skygge,
Og lad min Digter-Konst oppaa Din Mildhed bygge,
Hvad min Blek-Pensel kun hår grundet denne gang,
Skal bedre treffis i Din Fremtiids Seyer-Fang.
Føer Sværdet midlertiid, hvor hen Dit Øye meder,
Og hvor Guds Øye Dig fremlyuser og henleder:
Giør af Din Mandoms Drifft hver Almanakke fuld,
Saa skal Du skildris ud i Ævighed paa Guld.

☞ Kingo skreiv òg ei hylling til den norske salmediktaren Dorothe Engelbretsdotter, som han sette svært høgt som forfattar.

☞ Dei meir humoristiske *rimbrev*a til Kingo kunne vere nokså vågale. Slik tenkte Kingo seg kjenslene til ei kvinne som ventar på han mens han kjempar seg gjennom ein kraftig snøstorm:

*O! var mit Skød en Kakkell-Vraa,
Naar frøssen Kingo kommer,
Lyksalig jeg mig sagde da
For alle Rosens Blommer.*

Om salmelitteraturen

☞ På 1600-talet er den religiøse litteraturen ein viktig litterær sjanger. Den danske salmediktaren Thomas Kingo levde samstundes med dei norske salmediktarene Petter Dass og Dorothe Engelbretsdatter.

☞ Salmane er skrivne til bruk under gudstenester i kyrkjelyden og heime, og dei speglar av høgtidene i kyrkjeåret og den kyrkjelege liturgien.

☞ Dei fleste salmane er bygde opp etter eit fast mønster som kyrkjelyden kan kjenne att. Formålet er å formidle ein religiøs budskap.

☞ Gjennomgangsmotivet i barokksalmane er at alt skal forgå, men gjennom Guds nåde kan mennesket få del i eit liv etter døden.

☞ Kingos salmebok var i vanleg bruk i Noreg fram til 1869. Da overtok Landstads salmebok, som inneheld Landstads egne salmar og eldre salmar som var omsette til norsk.



Alterparti og barokkorgel frå 1765 i Kongsberg kyrkje

Språk og litterære verkemiddel i salmediktinga

☞ Etter reformasjonen vart latin avløyst av dansk som kyrkjespråk i Danmark-Noreg. Den første danske bibelomsetjinga kom i 1550. Dansk bibeltekst og danske salmar vart nytta i alle norske kyrkjelydar. Slik fekk det danske språket innpass hos alle nordmenn.

☞ Kingo bruker bilete med sterke kontrastar – sorg og glede, lykke og ulykke, synd og nåde, himmel og jord.

☞ Språket er også fullt av velkjende klisjear som «dødens dal», «sejerspalmer» og «dåbens hellig væde». Salmane skal ikkje nødvendigvis vere originale, dei skal først og fremst vekke kjensler og få tilhøyrarane til å leve seg inn i bodskapen.

☞ Barokkdiktarane var opptekne av at ein skulle gripe dei jordiske gledene, men samstundes komme i hug at det jordiske livet snart ville ta slutt. Derfor finn vi mange dødsmotiv i salmane.

☞ Salmetitlane fortel om den religiøse bodskapen, eller dei seier noko om korleis forfattaren tenkjer seg at bodskapen skal brukast. Her er både morgon- og kveldssalmar og salmar mynta på dei store religiøse høgtidene.

